

05/25. Referat frå møte i Strandebarm sokneråd .

Stad: Kyrkjelydshuset

Tid: Torsdag 04.09. kl. 18.30 – 21.00.

Desse møtte: Vetle Karlsen Eide, Lenie Hoogerbrugge, Jorunn B. Lillefosse, Kjell J. Hoff, Lillian H. Fosse, Renate B. Nernes, Margun M. Tordal, Tor Håkon Berge.

Margun yngste velkommen og hadde eit opningsord til oss.

Sak 40/25: Godkjenning av innkalling, sakliste og møtebok for soknerådsmøte 05.06.25.

Vedtak: Innkalling, sakliste og møtebok for soknerådsmøte 05.06.25 vart godkjent.

Sak 41/25: Gjera vedtak om ein skal, eller ikkje skal bestilla artist Sigrid Moldestad til jubileumsveka aug.26.

Vedtak: Soknerådet vedtek at ein ikkje kan bestilla S.Moldestad utan at finansieringa av konserten er ordna. Men dersom jubileumsnemnda klarar å skaffa finansiering/sponsorar på førehand, så kan dei bestilla artisten.

Frå kl.19.00 Orientering om Messy Church, av Jannicke Kjølås Ludvigsen,frivilligrådgjevar i Søndagsskolen Norge, og Benedict E. Peter, frå NMSu.

I tillegg til soknerådet så var også Norunn Markhus og Julie Håberg med på møte.

Vi fekk fortalt om ein heilt ny type samlingar med fokus på «ei gjestfri, kreativ feiring for alle aldrar – med Jesus i sentrum. Dette er eit studieopplegg med 12 samlingar, (kostar 7.500,-) og det kan vera kvardagssamling, gudsteneste, menighetsarbeid/leir. Her får me presentert interaktive bibelfortellingar, aktivitetar, undring, film, musikk, eit måltid mm.

Messy Church framstod som veldig bra.

Møte slutt kl. 21.00

Jorunn B. Lillefosse

Ref.